

GULEN KOMMUNE
Eivindvikvegen 1119
5966 EIVINDVIK

Dato	05.12.2023
Vår referanse	2023/78751-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Ingunn Bårtvedt Skjerdal
E-post	Ingunn.Bartvedt.Skjerdal@vlfk.no
Telefon	45723354

Kommunal planstrategi - synspunkt frå Vestland fylkeskommune til kommunane i Vestland

Kommunane skal etter plan- og bygningslova vedta kommunal planstrategi innan eitt år etter at kommunestyret er konstituert. I arbeidet med kommunal planstrategi skal kommunane hente inn synspunkt frå mellom andre fylkeskommunen. Vi ønskjer med dette brevet å gjere greie for regionale føringar og nyttige kunnskapsgrunnlag som kommunen kan bruke i arbeidet. Dette brevet blir som eit tidleg innspel og grunnlag for kommunane sitt arbeid med kommunal planstrategi. Fylkeskommunen kjem ikkje til å prioritere å gje fråsegn til dei kommunale planstrategiane vi får på høyring.

Plan og bygningslova har berekraft som hovudføremål og forvaltning etter lova har myke å seie for mellom anna samfunnsutvikling, jordvern, naturmangfald, klima og kulturmiljø. Ved å innlemme arbeidet med berekraftsmåla i samfunns-, areal og økonomiplanlegginga til kommunane, blir arbeidet kopla til dei viktigaste politiske avgjerdsprosessane. Kommunal planlegging er difor det viktigaste styringsverktøyet kommunane har for ei berekraftig samfunnsutvikling basert på lokalt folkestyre. Dei overordna planane skal peike ut retning for samfunnsutviklinga, bidra til at ein når berekraftsmåla og samordne oppgåver og omsyn som er viktige for å få til dette.

Planstrategien bør omfatte ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, medrekna langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorane si verksemd og ei vurdering av kommunen sitt planbehov i valperioden. På grunnlag av eit oppdatert og relevant kunnskapsgrunnlag skal kommunen gje eit oversyn over planbehovet i kommunen i kommunestyreperioden. Kunnskapsgrunnlaget kan også brukast i arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel og den årlege rulleringa av økonomiplanen og handlingsdelen til kommuneplanen

I planstrategien skal kommunen ta stilling til revisjon (heil, delvis eller ingen) av samfunnsdel og arealdel. Planstrategien skal syne kommunen sitt plansystem. Plansystemet kan tilpassast behovet for planar og kapasiteten til utarbeiding av planar i kommunen.

Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging

I [nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#) er det ei forventning om at arbeidet med planstrategi blir prioritert for å sikre at planane er oppdatert og møter behova som følgjer av endringar i samfunnsmessige, demografiske, politiske og naturgjevne forhold. Vidare er det forventa at mogleghetene i plan- og bygningslova for å effektivisere og forenkle planlegginga blir tekne i bruk.

Vi vil også trekke fram forventninga om at samfunns- og arealplanlegginga er basert på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag og at kommunane bør utarbeide ein arealrekneskap som ein del av eit slikt kunnskapsgrunnlag.

Ved revisjon av arealdelen i kommuneplanen bør kommunen vurdere om tidlegare vedteken arealbruk svarer til dei forventa behova i dag og i framtida. Det er då viktig at kommunen vurderer å ta ut eller redusere omfanget av utbyggingsareal som ikkje lenger er like aktuelle. Det er viktig at fortetting og transformasjon av bustad- og næringsområde blir vurdert før det blir sett av nye utbyggingsområde.

Regionale planar


I følge plan og bygningsloven §8-2 skal Regional plan «(...) legges til grunn for regionale organers virksomhet og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i regionen». Viune ber om at kommunen i arbeidet med den kommunale planstrategien legg dei regionale føringane til grunn og gjer ei vurdering av kva det vil bety for planarbeidet i kommunen. Dei [regionale planane](#) er samla på heimesidene våre.

Utviklingsplan 2024 -2028 – regional planstrategi

Samtidig som kommunen utarbeider sin planstrategi, utarbeider fylkeskommunen regional planstrategi - Utviklingsplan for Vestland 2024-2028.

[Kunnskapsgrunnlaget - utfordringsrapporten](#) er utvikla med nye og breie medverknadsmetodar som scenario-verkstadar, men også ved spørjeundersøkingar, djupneintervju og regionale analyser. Folkehelseoversikta ligg til grunn for arbeidet, og peikar på utfordringar som sosial ulikskap, demografiske endringar, psykisk helse og klimaendringar.

Berekrftsarbeidet er ein raud tråd i noverande utviklingsplan, og skal integrerast som eit gjennomgåande tema også i den nye. Arbeidet skal utviklast, styrkast og bidra til å gje god samanheng mellom berekrftsmåla og våre regionale mål og strategiar.



Utfordringsrapporten peikar på berekrftsutfordringar, konflikter og dilemma som er eller kan oppstå på tvers av dei ulike utfordringsområda vist i rapporten. Desse er:

- regional, by- og bygdeutvikling
- klima og energi
- livskvalitet og like moglegheiter
- naturmangfald og areal
- verdiskaping og kompetanse
- samt samarbeid, kunnskapsutvikling og innovasjon.

Utfordringsrapporten viser dei store samfunnsutfordringane og samanhengar mellom desse. Målet er ei felles forståing av utviklingsbehov, som vil kvile på at fylkeskommunen, kommunane og andre offentlege og private aktørar grip moglegheitene som ligg i samarbeid og samskaping i Vestland i åra framover. Berekraftsarbeid krev eit framtidsperspektiv. Berekraft er dessutan transformasjons- og endringsarbeid som krev satsing på forskning, utvikling og endringskapasitet i heile samfunnet.

Vestland fylkeskommune er frå våren 2023 medlem i KS sitt berekraftsnettverk og Sunne kommunar. Det er ein intensjon at medlemskapet i desse fora også skal kome kommunane til nytte.

Prosess for Utviklingsplanen

Oppstart av arbeidet var vedteke av fylkestinget 01.11.23 og planen vil bli sendt på høyring i juni 2024, med vedtak i fylkestinget i desember 2024. Vinteren 2024 blir det tre regionale møte for mellom andre kommunane

- **Stord 16. januar:** Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio, Tysnes
- **Førde 23. januar,** Askvoll, Bremanger, Fjaler, Gloppen, Hyllestad, Kinn, Stad, Solund, Sunnfjord, Stryn, Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal
- **Bergen 25. januar:** Austrheim, Fedje, Gulen, Modalen, Osterøy, Vaksdal, Masfjorden, Alver, Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Bjørnafjorden, Samnanger, Tysnes, Øygarden, Voss, Kvam, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang,

Innspel til kunnskapsgrunnlag

- Vi vil oppmode kommunane til å gjere seg kjent med kunnskapsgrunnlaget for utviklingsplanen.
- Ta i bruk det som er relevant for kommunen i arbeidet med kommunal planstrategi og anna kommunalt planarbeid.

Innspel til kommunal planstrategi

- Sjå på problemstillingar som kan og bør løysast på tvers av kommunegrensar som til dømes interkommunalt planarbeid.
- Vurdere planbehov som bør løysast på eit regionalt nivå.
- Vurdere kva verknad dei regionale planane har for det kommunale planarbeidet.
- For kommunar som ligg i område med regionale planar for villreinområde må kommuneplanen sin arealdel oppdaterast i samsvar med desse.

Folkehelse

Folkehelseoversikta er ein lovpålagt del av kunnskapsgrunnlaget for arbeidet med kommunal planstrategi. Kommunen sin folkehelseoversikt skal innehalda informasjon om folkehelse-utfordringane i kommunen, medrekna konsekvensar og påverknadsfaktorar.

Innspel til aktuelt kunnskapsgrunnlag

- Sjå på utfordringsbilde i [folkehelseoversikta for Vestland](#). Les den presise lovteksten i [folkehelselova §5 og §6](#).

Innspel til kommunal planstrategi

- Strategien bør inkludere ei drøfting av kommunen sine folkehelseutfordringar

Klima

[Regional plan for klima 2022-2035](#) (klimaplanen) har 5 prioriterte plantema. Planen har tre kritiske oppdrag den skal løyse; utsleppsreduksjon, eit trygt og robust Vestland og sikre naturmangfaldet. I tillegg til regionale klimamål og skildring av korleis vi skal jobbe for å nå måla, så har klimaplanen eigne retningslinjer for planlegging i regionen. [Retningslinjer for planlegging](#)

Vestland har mål om netto-nullutslepp i 2030. For å nå dette målet, må alle kommunane i fylket bidra. Å redusere både dei direkte og indirekte klimagassutsleppa vil vere avgjerande for kva konsekvensar vi kan vente oss i framtida.

Klimaendringane vil føre til konsekvensar der vi bur, arbeidar og oppheld oss. Uføre sette hendingar vil auke i frekvens og konsekvens i åra framover. Vi må vurdere våre lokalsamfunn, og sjå på kor robust vi er i møte med klimaendringane og kvar vi må innføre tiltak. Den samla arealdisponeringa skal ta vare på omsynet til eit klima i endring, og tek vare på karbonrike areal, dyrka og dyrkbar mark og viktig naturmangfald. Natur- og klimakrise heng saman, og utbygging av areal er den største årsaka til tap av natur. Tilstreккеleg kunnskapsgrunnlag og utgreiingar er viktig for å vurdere konsekvensar av utbygging i natur.

Innspel til viktig kunnskap

- Oversikt over dagens utslepp og framskrivingar av desse
- Oversikt over klimafotavtrykk, og tilhøyrande tiltak
- Oversikt over viktige naturområde, karbonrike areal, viktige økosystem og økosystemtenester
- Vi har samla gode rettleiarar og informasjon som kommunane kan nytte i klimaomstillinga i [Kunnskapsbank for kommunalt klimaarbeid](#). I tillegg har vi ei Grøn skattekiste med tips til tiltak og vurderingar som er nyttig i klimaomstillinga i kommunane.

Innspel til kommunal planstrategi

- Bør inkludere ei drøfting av klima- og miljøutfordringane og langsiktig arealbruk
- Vurdering av behovet for revidering av planar som omhandlar klima-, miljø, og energispørsmål

Infrastruktur og veg – mobilitet og kollektiv

Fylkeskommunen og kommunane har mange felles intensjonar og mål i planlegging og tilrettelegging for ønska samfunnsutvikling og ansvar for trafikktryggleik.

Regionale styringsdokument

Mål og føringar for mobilitet og samferdsel i Vestland er fastsett i følgjande planar:

Regional transportplan (RTP), med følgjande hovudmål:

Vestland skal ha eit effektivt, trygt og framtidretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling.

I tillegg til hovuddokumentet er det to strategidokument og eit handlingsprogram:

- *Strategi for mjuke trafikantar*
- *Strategi for berekraftig mobilitet*
- *Handlingsprogram RTP - Investeringar*

[Nettside for meir informasjon.](#)

Regional areal- og transportplan for bergensområdet (RATP) omfattar kommunane Bergen, Alver, Askøy, Øygarden, Osterøy, Vaksdal, Samnanger og Bjørnafjorden. Planen har følgjande hovudmål:

- *Bergensområdet skal vere ein berekraftig og konkurransedyktig vekstregion.*
- *Utbyggingsmønster og transportsystem skal gje effektiv utnytting av samfunnsressursar og infrastruktur. Samordna planlegging og eit klimavenleg utbyggingsmønster skal leggje til rette for at transportveksten skjer i tråd med nullvekstmålet og at regional grønstruktur og kulturminneverdiar vert bevart.*
- *Det skal vere ein balansert fordeling av bustader og arbeidsplassar i bergensområdet.*


[Nettside for meir informasjon:](#)

Samordna Bustad- Areal og Transportplanlegging (BATP)

I dei nasjonale forventingane går det fram at sykling og gåing og kollektivtrafikk blir prioriterte i byar og tettstader gjennom planlegging av heilskapleg infrastruktur som er samanhengande, tilgjengeleg, attraktiv og trygg

Hensikta er at planlegging av utbyggingsområde og transportsystem skal legge til rette for mest mogleg effektiv og miljøvennleg transport slik at transportbehova kan reduserast. Eit viktig tiltak for å redusere

utslepp frå transportsektoren er å jobbe for å nå nullvekst i biltrafikken. I kommunar som har inngått byvekstavtale er dette eit krav, men satsing på å nå nullvekstmålet gir og fordelar utanfor større byområde. Etablering av attraktive tettstader med møteplassar og samanhengande ferdselsårer for mjuke trafikantar har samanheng med kva parkeringspolitikk som er gjeldande. Fylkeskommunen vil difor oppmode kommunane om å ha eit særleg fokus på kva parkeringspolitikk som skal gjelde i sentrumsområda.



Figur 1 «Kollektivorientert arealbruk og utbyggingsmønster»
kjelde: Kollektivstrategi for Hordaland – fram mot 2030

Trafikktryggleik og tilrettelegging for mjuke trafikantar

Vi har i *Regional transportplan* og *Handlingsprogrammet for trafikktrygging* i Vestland vedtatt nullvisjonen om ingen drepne og hardt skadde i trafikken. Fylkeskommunen oppmodar kommunane om å prioritere å legge til rette for ny utbygging der det allereie er tilbod til mjuke trafikantar som fortau og gang- og sykkelveg.

I *Strategi for mjuke trafikantar* er det eit delmål at 80 % av elevar utan ordinær skuleskyss skal gå eller sykle til skulen. Avstandsulempene ved å bu i distriktet skal reduserast. Vektlegginga av trygge skuleveggar er viktig både for å gjere det trygt å ferdast og påverke reisevanar tidleg. Dette handlar både om fysisk tilrettelegging, samt haldningsskapande arbeid for å etablere gode reisevanar. Døme kan vere å skape trygge og bilfrie områder rundt skulen, såkalla Hjartesone.

Tilrettelegging for kollektivtransport og gode mobilitetsløysingar

Det er viktig å kunne tilby eit best mogleg kollektivtilbod der dei største reisestraumane er. Fortetting og konsentrert byutvikling er difor ein viktig føresetnad for å utvikle eit effektivt og attraktivt kollektivtilbod i vekstområda. Som planmynde har kommunane ein viktig oppgåve å legge til rette for ein arealutvikling som bygger opp om dei grønne reisealternativa.

Innspel til aktuelt kunnskapsgrunnlag

- [Kunnskapsgrunnlag for regional transportplan](#)

Innspel til kommunal planstrategi

- Fylkeskommunen tilrår eit overordna plangrep som gjer at framtidig utvikling av kommunen skjer langs eksisterande infrastruktur som vegar, gang-sykkeltilbod, nærleiken til kollektivstopp, skule, idrettsanlegg, butikk og andre viktige målpunkt.
- Bør vurdere om kommuneplanen sin arealdel er oppdatert med omsyn til føringar for samordna bustad, areal og transportplanlegging.
- Bør sikre oppdaterte trafikktryggingsplanar for å bli godkjent som trafikkssikker kommune. Vestland fylkeskommune har fleire tilskotsordningar retta mot trafikktryggleik, og kommunar som inngår i trafikkssikker kommunearbeidet er prioritert.

Kultur

[Kultur bygger samfunn. Regional plan for kultur 2023-2035 \(pdf\)](#) og [Kultur bygger samfunn. Handlingsprogram 2023-2026 \(pdf\)](#) skal leggjast til grunn for kommunal planlegging og verksemd i regionen. Planen omhandlar tema bibliotek, friluftsliv, frivilligheit, idrett, kulturarv, kulturformidling og kunst. Hovudmål er at alle skal kunne delta, oppleve og skape. Planen har 4 mål; Vestland som leiande kulturfylke, eit inkluderande kulturliv som ressurs for samfunn; kultur som grunnlag for verdiskaping og kunnskap som grunnlag for kulturutvikling.

For å få dette til må kommunane bidra. Den kulturelle grunnmuren er den infrastrukturen som gir heile befolkninga høve til å ta del i og å oppleve kunst, kultur, idrett og møte andre i sine lokalsamfunn. Hjørnesteinane er kunst- og kulturfag i opplæringa, kulturskulen, folkebiblioteka, kommunalt og frivillig fritidstilbod, frivilligheit elles og lokalsamfunnet sine arenaer.

Innspel til kommunal planstrategi

- Utvikle ein kulturpolitikk som er tilpassa den enkelte kommune sine behov og sitt potensial
- Styrke den kulturelle grunnmuren i alle kommunar
- Vidareutvikle kunnskap som avgjerdsgrunnlag for kulturpolitikken
- Støtte opp om organiseringa av ein sterk frivillig sektor og utvikle kommunal frivilligpolitikk
- Styrkje kunst, kultur, idrett og friluftsliv som arena for inkludering og mangfald
- Styrke samarbeidet mellom offentleg og privat sektor, og profesjonelt og frivillig kulturliv
- Stimulere til berekraftige og mangfaldige møteplassar og arenaer for alle og særleg for barn og ungdom
- Styrke kulturarenaer som opne, frie og demokratiske ytringsrom

Kulturminne og kulturmiljø

Fylkeskommunen er ansvarleg for kulturmiljø i fylket og har vedtaksmynde etter kulturminnelova. Fylkeskommunen skal sørge for at det vert teke omsyn til kulturmiljø i planlegging også på kommunenivå. Det er eit nasjonalt mål at alle kommunar skal ha oversikt over sine verneverdige kulturminne, kulturmiljø og -landskap, og prioritere eit utval av kulturminne som skal takast vare på. Kommunane har såleis ei sentral rolle i å sikre god forvaltning av kulturarven.

Innspel til kommunal planstrategi

- Regionalt kulturmiljømynde oppmodar alle kommunane i Vestland fylke om å ha ein politisk vedteke kulturmiljøplan som er forankra i plan- og bygningslova.

Idrett og friluftsliv

Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er det området som engasjerer flest menneske i fritida. Det krev aktiv og målretta planlegging for å ivareta interessene knytt til areal, og for å få ei fornuftig tilrettelegging og organisering av ulike aktivitetar. For å oppnå dette er det viktig å utvikle gode planar som politiske styringsreiskapar for utviklinga innanfor idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Gjennom planane kan ein definere reelle behov basert på kunnskap og samfunnsmessige og politiske mål.

Innspel til kommunal planstrategi

- Bør vise korleis ein plan for anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv skal inngå i det kommunale plansystemet. Kvar kommune må ha ein gjeldande slik plan, for å kunne søke spelemidlar. Det kan vere ein sjølvstendig plan eller den kan inngå i eit anna plandokument.

Inkludering og integrering

Regional plan for kultur har inkludering og frivilligheit som gjennomgåande tema. I samband med regionreforma overtok fylkeskommunen fleire nye integreringsoppgåver innan busetjing, kvalifisering, førebygging og frivilligheit frå Inkluderings- og mangfaldsdirektoratet. Ny integreringslov trådte i kraft 01.01.2021. Regional politikk på integreringsfeltet er ein ny arena for tett samarbeid mellom kommune og fylkeskommune framover.

Innspel til kommunal planstrategi

- Bør ta stilling til om det skal utarbeidast ein kommunedelplan eller strategi for å løyse utfordringane med brei deltaking i samfunn- og arbeidsliv.

Innspel til aktuelt kunnskapsgrunnlag for kultur, kulturminne og kulturmiljø, idrett og friluftsliv, inkludering og integrering

- [Kunnskapsgrunnlag, Frivillig sektor i Vestland \(juni 2022\) under oppdatering for 2023](#)
- [Norsk kulturindeks Vestland](#)
- [Idrettsindeksen Vestland](#)
- [Barnefamiliepanel Vestland](#)
- [Barn og Unge i Vestland publikumsaktiviteter våren 2022](#)
- [Barn og unge i Vestland sine faste organiserte aktiviteter våren 2022](#)
- [Nøkkeltal for kultur i Vestland 2020-2022 Basert på SSB og Kostra](#)
- [Ungdata](#)

Verdiskaping

Regjeringas nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging beskriver nasjonale forventningar til planlegging for velferd og berekraftig verdiskaping i kapittel 4. Mål 1 i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 er Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg. Ein viktig strategi er at Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap. [Regional plan for berekraftig verdiskaping 2021-2033](#) set retning og har dei fire satsingsområda: Grøn næringsutvikling, areal til næringsutvikling, kompetanseutvikling i arbeidslivet og innovative og inkluderande samfunn.

Innspel til aktuelt kunnskapsgrunnlag

- Grøn region Vestland, [samleside for rapportar](#) Nye oppdaterte rapportar kjem 5. desember.

Innspel til kommunal planstrategi

- viktig å omtale næringsutvikling og ta omsyn til regionale mål for verdiskaping. Kommunane bør ta vare på det næringslivet kommunen er gode på i dag, legge grunnlag for ny innovasjon på tvers av verdikjeder og gripe nye moglegheiter.
- bør avklare korleis næring skal vere eit tema i kommunale planar.

Vassforvaltning

Fylkeskommunen er vassregionmyndigheit etter vassforskrifta og har ansvaret for forvaltning av haustbare, ikkje trua bestandar av innlandsfisk. [Regional plan for vassforvaltning for Vestland 2022-2027](#) skal leggjast til grunn for kommunal planlegging jf. vassforskrifta § 29. Retningslinjer for arealplanlegging etter plan- og bygningslova og vassforskrifta ligg i kap. 1.1.3 i vassforvaltningsplanen.

Kommunane bør følgje opp sine ansvarsområde i kapittel 2.1.2 *Prioriteringar* og implementere regional vassforvaltningsplan i kommunale planar jf. handlingsprogrammet til planen.

Innspel til kommunal planstrategi

- Kommunane bør særskilt vurdere behov for å utarbeide eller å oppdatere kommunedelplanar for avløps-vatn, drikkevatt og overvatn. Kommunedelplan for avløp bør inkludere spreidd busetnad for å lukkast med å nå reinsekrava for alle anlegg i kap. 12, 13 og 14 innan 2027 eller 2033.
- Bør ta stilling til korleis kommunen skal følgje opp arbeidet med miljømål etter vassforskrifta.

Innspel til aktuelt kunnskapsgrunnlag

- Kunnskapsgrunnlag om m.a. miljøtilstand, miljømål og tiltak for å nå miljømåla i vassdrag og sjø-område ligg i databasen [Vann-nett](#).
- Rådata til databasen ligg i databasen [Vannmiljø](#).
- På [Vannportalen](#) finn du informasjon om arbeidet med å gjennomføre forskrifta om rammer for vassforvaltninga i Noreg (vassforskrifta), og anna arbeid knytt til EU sitt rammedirektiv for vatn (vassdirektivet).

Anna informasjon:

[Vann i Nasjonale forventningar til regional og lokal planlegging 2023-2027.](#)

[Nasjonale føringar for arbeidet med oppdatering av regionale vassforvaltningsplanane](#)

Jordvern

I [brev frå regjeringa \(LMD og KDD\) til kommunane, datert 23.3.2022](#), heiter det at «*En strammere jordvernpolitikk tilsier at kommunene ved planrevisjoner bør vurdere om arealer som tidligere har vært avsatt til formål som innebærer omdisponering av dyrket jord, skal tilbakeføres til LNRF-formål*». I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 er jordvern framheva under tema 6. «Samfunnssikkerhet og beredskap», der det går fram at omdisponering av dyrka jord skal reduserast, og arealplanlegga skal bidra til å nå målet om redusert omdisponering av matjord i tråd med ny [jordvernstrategi fra 2023](#). Det betyr at den årlege omdisponeringa av dyrka jord ikkje skal overstiga 2000 dekar, og at målet skal vere nådd innan 2030.

Visjonen for [Temaplan for landbruk 2023-2027](#) seier at Vestland skal vere eit føregangsfylke innan jordvern, og har nullvisjon for reduksjon av dyrka jord. Nullvisjonen definerer vi som nettoareal for dyrka jord, både omdisponert og tilbakeført areal. Når vi tek utgangspunkt i det nasjonale jordvern målet og Vestland sin del av dyrka jord i landet, skal omdisponert dyrka jord pr. år ikkje overstige 9% av det nasjonale jordvern målet. Det vil seie at det maksimalt kan omdisponerast 180 daa i Vestland pr. år i perioden 2023-2027.

Innspel til aktuelt kunnskapsgrunnlag

- [Fylkesatlas temalag jordbruk](#)

Innspel til kommunal planstrategi

- Bør vurdere om arealplanen er oppdatert med omsyn til nye føringar for jordvern.

Akvakultur

Fylkeskommunen har forvaltningsansvar etter Akvakulturlova, og handsamar søknader etter akvakulturlova; lokalitetsklarering og tildeling av løyver for andre artar enn laks og aure. Det er nasjonale forventningar til at det blir sett av tilstrekkelege og eigna nye areal for akvakultur gjennom oppdaterte regionale og kommunale planar for kystområda, som også kan omfatte utvikling av akvakultur utanfor kysten og landbasert akvakultur. Planane skal vareta miljøomsyn og andre samfunnsinteresser.

Akvakulturnæringa er ei innovativ næring, og det er viktig at kommunane prioriterer å ha oppdaterte planar i sjø for å ivareta utviklinga. Kommunen bør gjennom arealplanlegging legg til rette for ei berekraftig og lønnsam utvikling av akvakulturnæringa.

Innspel til kommunal planstrategi

- Bør vurdere om det er tilstrekkeleg oppdaterte planar for sjøareal og akvakultur i kommunen.

Kunnskapsgrunnlag

Kommunevis statistikk

På [Vestland fylkeskommune si heimeside](#) finn de meir informasjon om fylket, regionar og kommunar i rapportar, kart og tabellar. Vi utviklar eller driftar også ulike verktøy som de kan nytte i analysearbeidet. I denne samanheng er [verktøy for folkehelsearbeidet](#) til kommunane særskilt relevant. Ved spørsmål kan de ta kontakt med seksjon for plan, klima og analyse.

Andre nyttige resursar er:

- [Kommunefakta](#); SSB si nettside med ulik statistikk på kommunenivå.
- Folkehelseinstituttet sine [statistikkbanker](#).
- Folkehelseinstituttet sin [statistikkalender](#) for 2023

[Fylkesatlas Vestland](#) – her finn du aktuelle tema til plansakshandsaming og relevante tema frå det offentlege kartgrunnlaget (DOK)

Oppdatert kartmateriale

[Forskrift om kart, stadfesta informasjon, arealføremål og kommunalt planregister](#) er heimla i plan- og bygningslova og set mellom anna krav til kommunane om framstilling av arealplanar. Fylkeskommunen set som føresetnad at kommunane sine arealdelar er revidert i samsvar med dette lovverket. For god gjennomføring av regionale og interkommunale analysar og planløysingar er det naudsynt med digitalt tilgjengelege data. Kommunar som endå ikkje har geosynkronisert sine plandata mot geonorge blir bede om å prioritere dette arbeidet i samarbeid med kartverket.

Arealrekneskap

Arealendringar fører i seg sjølv med seg klimagassutslepp. Døme frå andre kommunar i landet (Nordre Follo) syner at arealrekneskap kan brukast bevisst for å redusere planlagt beslag av areal og planlegge areala slik at dei fører til mindre beslag av karbonrike areal og verdifull natur. Det er ei forventning at dette spørsmålet blir løfta fram i kommunal planstrategi.

Fylkeskommunen er i gong med eit arbeid om kommunevise arealrekneskap etter felles regional metodikk. Arbeidet er så smått starta opp og vil forankrast formelt etter kvart. Det vil også vere fokus på bistand til kommunane i samband med rullering av KPA for samanlikning av arealbruk. Fylkeskommunen tar ei aktiv rådgivarrolle i dette arbeidet i samsvar med føringar frå Kommunal og distriktsdepartementet og ber kommunar om å ta kontakt dersom de set i gong eigne arealrekneskapsarbeid.

[Planvask](#) bør inngå som ein del av grunnlaget for arbeidet med arealrekneskap. Planvask er ein systematisk og strategisk gjennomgang av eldre reguleringsplanar og områder for framtidig utbygging i kommuneplanen sin arealdel. Målet med planvask er å få eit plangrunnlag som er oppdatert med omsyn til dagens kunnskap, politikk og lovverk.

Hjelp på vegen

Distriktssenteret har utarbeidd eit verktøy for strategisk kommuneplanlegging. Det ligg tilgjengeleg på [enkelplanlegging.no](#). På denne sida er det erfaringsbasert kunnskap med mange råd og tips på vegen i arbeidet med kommuneplanlegging. Her er det steg for steg forklaring på arbeidet med [kommunal planstrategi](#). Det er også ei eige temaside om [Kunnskapsgrunnlaget](#) i planlegginga.

Vestland fylkeskommune ønskjer god dialog om planstrategiarbeidet. Ta gjerne kontakt for vidare oppfølging med [kommunekontakten på seksjon for plan, klima og analyse](#).

Vi ønsker lukke til med arbeidet knytt til kommunale planstrategiar!

Med helsing

Synnøve Stalheim

seksjonssjef

NPI - Plan, klima og analyse

Eva Katrine Ritland Taule

seniorrådgjevarleg

NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Mottakarliste

STAD KOMMUNE	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
STRYN KOMMUNE	Tonningsgata 4	6783	STRYN
GLOPPEN KOMMUNE	Grandavegen 9	6823	SANDANE
KINN KOMMUNE	Postboks 294	6701	MÅLØY
BREMANGER KOMMUNE	Postboks 104	6721	SVELGEN
ASKVOLL KOMMUNE	Askvollvegen 426A	6980	ASKVOLL
FJALER KOMMUNE	Dalstunet 20	6963	DALE I SUNNFJORD
SUNNFJORD KOMMUNE	Postboks 338	6802	FØRDE
HYLLESTAD KOMMUNE	Lifjordvegen 7	6957	HYLLESTAD
SOLUND KOMMUNE	Hardbakke 26	6924	HARDBAKKE
HØYANGER KOMMUNE	Postboks 159	6991	HØYANGER
SOGNDAL KOMMUNE	Postboks 153	6851	SOGNDAL
LUSTER KOMMUNE	Postboks 77	6866	GAUPNE
ÅRDAL KOMMUNE	Statsråd Evensensveg 4-6	6885	ÅRDALSTANGEN
LÆRDAL KOMMUNE	Øyrapplassen 7	6887	LÆRDAL
AURLAND KOMMUNE	Vangen 1	5745	AURLAND
VIK KOMMUNE	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
GULEN KOMMUNE	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
FEDJE KOMMUNE	Stormarkvegen 49	5947	FEDJE
AUSTRHEIM KOMMUNE	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM
MASFJORDEN KOMMUNE	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
MODALEN KOMMUNE	Postboks 44	5732	MODALEN
ALVER KOMMUNE	Postboks 4	5906	FREKHAUG
VAKSDAL KOMMUNE	Konsul Jebsensgata 16	5722	DALEKVAM
SAMNANGER KOMMUNE	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
ØYGARDEN KOMMUNE	Ternholmvegen 2	5337	RONG
ASKØY KOMMUNE	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
BJØRNAFJORDEN KOMMUNE	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
AUSTEVOLL KOMMUNE	Birkelandsvegen 2	5392	STOREBØ
TYSNES KOMMUNE	Uggdalsvegen 301	5685	UGGDAL
STORD KOMMUNE	Postboks 304	5402	STORD
SVEIO KOMMUNE	Postboks 40	5559	SVEIO
FITJAR KOMMUNE	Postboks 83	5418	FITJAR
BØMLO KOMMUNE	Rådhuset Leirdalen 1	5430	BREMNES
ETNE KOMMUNE	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
KVINNHHERAD KOMMUNE	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
ULLENSVANG KOMMUNE	Opheimsgata 31	5750	ODDA
KVAM HERAD	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
VOSS HERAD	Postboks 145	5701	VOSS

ULVIK HERAD	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
EIDFJORD KOMMUNE	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
BERGEN KOMMUNE	Postboks 7700	5020	BERGEN
OSTERØY KOMMUNE	Postboks 1	5293	LONEVÅG

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland	Statens hus - Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
KS-KOMMUNESEKTORENS ORGANISASJON	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO